

Preike på fredsgudsteneste i Oslo domkyrkje 09.12. 25

Luk 1, 68-79

Å våge freden

Kan vi våge å tru på fred?

Er vi redde for å bli skuffa? Er det fordi vi er redde for at vi ikkje blir tatt på alvor? At vi skal bli oppfatta som naive og godtruande?

Det er ikkje slik at vi berre kan kalkulere oss fram til fred. Som noko som kjem liksom av seg sjølv, berre ein håper på det, eller gjer slik eller slik. Å skape fred er å gå motstraums, og inn i det som er vanskelegast i verda. Fred trengst der interesser, ideologiar, politikk, stundom forsterka av religiøse motiv og tekstar, og ikkje minst der pengemakt og våpen står mot kvarandre. Der menneskeverd og respekt for menneskeliv er satt til side eller aktivt motkjempa. Der menneske er oppgitte, fortvilte, såra, skada, mange blir drepte. Der heimar, vegar, kanskje til og med heilage hus og sjukehus er bomba og skadd.

«Det er mykje lettare å starte ein krig enn å skape fred.» Det var orda president Juan Manuel Santos i Colombia brukte då eg møtte han på kontoret hans for nokre år sidan. Han møtte fleire nasjonale kyrkjeleiarar som hadde vore svært kritiske til han for første gong. Som generalsekretær i Kirkenes Verdensråd hadde eg ansvar for å følge opp våre vedtak og planer om å arbeide for «rettferdig fred» saman med nasjonale kyrkjer. No hadde vi fått til dette møtet i Bogota i Colombia.

Presidenten var svært open og ærleg. Han synest vi hadde eit godt, men ambisiøst mål, og var glad for å møtast. Men han måtte få sagt det tydeleg nok: «Å starte ein krig er enkelt. Det er nesten som å trykke på ein knapp. Det veit eg, for eg har vore minister for militærvesenet. Å starte fred er å arbeide med noko der ein ikkje veit heilt kva ein skal gjere, og ikkje har alle knappane som skal til. Men det vert ikkje fred utan å våge.»

Det gjorde han, i hardt arbeid over mange år. Den dagen vi var der, hadde han fått til eit første møte med ein spesiell del av geriljaen i landet. Sidan fekk han Nobels fredspris i 2016 for sin innsats for å skape fred i eit land herja av borgarkrig i 50 år. I det store landet Colombia er det framleis nødvendig med hardt arbeid for fred.

Dette året blir fredsprisen gitt til opposisjonsleiaren i nabolandet Venezuela, Maria Corina Machado. Ho får den fordi ho står i ein kamp for demokrati i ein brutal autoritær stat i krise.

Menneskerettar, eit uavhengig rettssystem, eit folkestyre er byggesteinar for fred, ja vilkår for fred. Ho har våga å stå i denne kampen. Våga freden.

-

Fred er ikkje berre ei spesiell interesse for dei menneske som er uklanderlege eller uovervinnelege. Fred krev innsats, mot, at ein vågar. Fred kjem ikkje utan at ein vågar å verte upopulær eller endå til truga.

Å arbeide for fred er å motarbeide nokon som vil noko anna.

--

Vi las eit dikt, ein lovsong, knytta til presten Sakarja. Det er ein del av forteljingane i Lukasevangeliet rett før det som vi kallar «juleevangeliet». Det kulminerer i ein annan song, til og med englesong. Dei song om at no er det «fred på jord».

Sakarja og Elisabeth, kona hans, var barnlause. Og dei var godt opp i åra, står det. Likevel kom engelen Gabriel til han og fortalde at han skulle få ein son, og kalle han Johannes. Han skulle bli forløpar, og rydde veg, rydde opp i tankar og vilje hos menneske slik at dei kunne ta i mot Jesus.

Som Maria, fekk Sakarja ein underleg beskjed om å bli forelder. Også han fekk det som eit budskap av engelen Gabriel. Men kontrasten mellom han og Maria er poengtert: Maria sa «ja, la det skje som du vil». Sakarja våga ikkje å tru at det var mogleg. Så han mista munn og mæle. Heilt til fødselen.

Men det skjedde i begge tilfelle. Elisabeth fødde Johannes. Og Maria fødde Jesus.

Desse mest intime familiehistoriene vart ein del av ei historie for heile verda, ei historie om frelse og fred.

Bodskapet er: Den som vågar å tru, får sjå. For Maria vart det slik. Men også: Den som ikkje vågde heilt å tru, får også sjå at det skjer. Han vart far.

Orda som er lagt i hans munn, Sakarjas lovsong, har vorte ein del av den kristne morgonbøna. Det trur eg blant anna skuldast nokre fantastiske sterke og vakre ord om lyset som kjem kvar morgon. Morgonen kjem. Om vi trur det eller ikkje.

«Slik skal lyset frå det høge

gjesta oss som ein soloppgang,

og skina for dei som bur i mørker og dødens skugge,

og styra vår føter

Inn på fredens veg.» (Luk 1,78-79)

-

Er budskapet at det som skjer, det skjer, vi kan ikkje gjere noko med det?

Nei, desse familieforteljingane i Lukasevangeliet, der vi kjenner så godt det vi les i kapittel 2 kvar jul (Luk 2,1-14), er ei forteljingar om at Gud gjer seg avhengig av menneske også når Gud skal gjere det Gud vil. Gud måtte ha ei Maria som var villig til å la Jesus bli født.

«Fred» er eit spesielt ord som går igjen. «Fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.» «Lyset frå det høge skal skina for dei som bur i mørker og dødens skugge, og styra vår føter inn på fredens veg.»

Fred er Guds store gåve. Fred er Guds mål for oss menneske. Eit mål som kan og skal bli verkeleg her i dette livet, der vi skal leve med alt det freden inneber. Alt det som ligg i ordet fred: Shalom - Saalam:

Frelse, rettferd, reinleik, tilgjeving, miskunn. Det er som eit ekko frå profeten Jesajas ord om fredsfyrsten.

Den rettferdige freden er hardt arbeid, før, under og etter ein konflikt. I Kirkenes Verdensråd seier vi at «rettferdig fred» må vere

- fred med skaparverket, slik at komande generasjonar kan leve her,
- fred i økonomien, slik at ressursane vert fordelt mellom alle,
- fred mellom menneska som skal leve saman i familie og byar, trygt i hus og heim, på arbeid og skule,
- fred mellom folk og nasjonar, så ikkje nokon må leve med bomber, dronar og rakettar på veg mot hus og heim.

Alt vi gjer for å forsvare oss, må vere for å forhindre at det vert krig, at vi ikkje sjølv skal bli årsak til ufred og krig. «For alt vi er, for alt vi har», som det heiter i mottoet til det norske Forsvaret.

-

Fred er Guds vilje med jorda, med skaparverket og oss menneske som er her. Men dette må også seiast og høyrast som Guds bodskap og vilje med jorda. Og det må takast på alvor.

Det er ikkje nok å tenke og ville det, det må gjerast også.

-

Det finst eit lys, som kan, som skal få oss til å bevege oss, slik at «våre føter (blir styrt) på fredens veg».

Då må vi våge fred. Våge å tru at det er mogeleg. Og handle deretter. Ofte må det skje på tross av det vi ser, mot dei ulike vurderingar vi kan gjere oss og som får oss til å verte motlause.

-

Difor kan vi ikkje halde opp med å be om fred. Og arbeide for fred. Det vert ikkje fred dersom ingen vågar fred.

Vågar vi?

Ære vere Faderen, og Sonen og Den Heilage Ande

Skaparen, Fredsfyrsten og Lyset frå det høge,

som var, er og vere skal, éin sann Gud frå æve og til æve. Amen